

SISTE SKULEDAG FØR JUL

Tysdag 20.desember 2016

Jul og skuleferie nærmar seg med veldig raske skritt.... Og brått oppdaga vi at skuleslutt tysdag ikkje gjekk i hop med ordinær tid for skulebussen. Vi sluttar av kl.12.10 og bussen går kl.14.15. Nobina har ikkje høve til å regulere denne ruta no dessverre. Vi tillet oss no derfor å høyre om de foreldre kan hjelpe oss sånn at elevane (dei som ikkje skal vere i SFO) kan avslutte skuledagen kl.12.10 som forventa. Har de høve til sjølv å hente, ev samarbeide med andre foreldre sånn at elevane kjem seg heim, hadde det vore veldig fint. Om de ikkje har høve til dette, ber vi om ei skriftleg tilbakemelding, og vi vil da organisere eit opplegg her på skulen fram til ordinær skuleslutt. På førehand – takk for hjelpa!

Ei utfordring vi har i tillegg, er vegstenginga ved Stokke bru.

Skulen har bedt om at vegen vert opna i tidsrommet kl.12.15 – 13.15 og har fått positivt svar frå entrepenør. Dei vil opne vegen ein times tid etter kl.12.00.

Helsing

Anne Wergeland – rektor

Retur til skulen:

Eg / vi har ikkje høve til å hente _____ tysdag
20.desember kl.12.15
